

Prioriter campusbaserte studenter!

Bakgrunn

Gjennom dei siste åra har Nord og andre Universitet og Høgskular tilrettelagt meir og meir for nettbaserte studenter. Dette har ført til ein nedgang i antal campusbaserte studenter. For eit Universitet som dekker 40% av kystlinja med sine 8 studiestadar så er dette ein sakte metode for å jobbe mot seg sjølve. Vi ser stadig ein auke i antal studenter ved Nord, men i 2024 var 19,5% av alle dei nye studentane nettbaserte.

I 2025 har vi sett Student i Nord måtte legge ned tenestene sine på Mo og i Namsos for økonomien ikkje strekk til. Noko av grunnen til at dette skjer fordi stadig fleir studenter tar utdanninga over nett. Av den grunn kjøpar dei ikkje mat i kantina, leiger ikkje studenthyblar eller tar del i aktivitetane som samskipnaden arrangerer. Dei bidreg heller ikkje til kommunane kor Nord har studiestadar.

Nettbaserte studiar er eit viktig tilbod å tilby. Det er ikkje alle som kan flytte langt, ikkje alle som har raa og nokon er kanskje allereie i jobb. Nokon kan ha sjukdom eller funksjonsnedsettingar som gjer det utfordrande å flytte på seg. Tilbodet er viktig, men det er ikkje framtida for alle, ei heller for dei mindre studiestadane.

Tilbodet om nettbaserte studiar burde ikkje ta over for campusbaserte studiar. Det er dei campusbaserte studentane som gjer det mogleg å ha tilbod rundt om i distrikta og på dei mindre studiestadane. Noko som igjen gagnar lokalsamfunna og vertskommunane.

Derfor oppmodar Studentorganisasjonen Nord (SON) Nord Universitet til å:

- Prioritere campusbaserte studiar i alle rekrutteringsprosessane både regionalt og nasjonalt.
- Behalde tenester som gagnar campusbaserte studenter.
- Anerkjenne viktigheita av campusbaserte studenter for campusliv, studentengasjement og lokal næring, og ta det med i avgjerdsprosessar.
- Jobbe politisk (lokalt og nasjonalt) for å legge til rette for at studenter kan være campusbaserte fulltidsstudenter.
- Unngå etablering av digitale studiar som direkte konkurrer med eksisterande fulltidsstudiar.